



Bernt Fjordheim  
EIDSNESVEGEN 160  
5913 Eikangervåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10570 - 22/17922

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.kommune.no

Dato:  
02.03.2022

## Svar på søknad om landbruksveg - gbnr 244/4 Eidsnes indre

**Administrativt vedtak: Saknr:228/22**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver Kommune Bernt Fjordheim løyve til bygging av omsøkt veg på 244/4 Eidsnes indre.

### **Vilkår**

- Dersom det kjem fram kulturminne under arbeida må alt arbeid stogast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som vist på kart.
- Løyver og fullmakter må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Det tillatast ikkje mottak av massar til meir enn det som er påkrevd for å utarbeide vegen.
- Ved fylling av overskotsmassar på meir enn 1 meter høgde og på eit større areal enn 1 daa må ein søka om løyve etter bakkeplaneringsforskrifta, eventuelt nydyrkingsforskrifta då det ikkje er dyrka mark i dag.
- Avstand til nabogrenser skal vera minimum 4 meter om ikkje anna er avtalt.
- Vedtaket er gyldig til 03.03.2025

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

### **Saka gjeld:**

Bernt Fjordheim søkar om å bygga ca 80 meter landbruksveg i vegklasse 3 etter landbruksvegforskrifta. Vegen skal gje tilkomst til uttak og stell av skog for søkar og nabo. Estimert kostnad for vegen er ca. 100 000 ,-.

## VURDERING:




Planlagd vegtrase.

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheltsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Prinsippa i §§ 8 –12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Ein har ikkje gjort andre funn en ein registrering av steinalderbusetnad med lokal ID 157799-1 i nærleik til vegtraseen.



Registrert steinalderbusetnad (kilden.nibio.no).

Landbrukskontoret vurderer at landbruksinteressene er så store at vegen kan godkjennast som ein landbruksveg ut frå landbruksvegforskrifta.

Areala er i dag registrert som skog og er registrert som LNF område i kommuneplanen. Saka har vært på høyring hos Fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Alver kommune v/kultur. Sjå vedlegg frå Fylkeskommunen.

### Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegheitslova

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bernt Fjordheim

EIDSNESVEGEN 160

5913

Eikangervåg